



Suldal kommune

Sand barnehage

tilbyr stilling i Læring i Næring for ungdomsskule 9. trinn 2020/2021

Sand barnehage er fordelt på to bygg, avdeling Randåsen og avdeling Joagarden. Barnehagen har totalt 6 avdelingar, to småbarnsavdelingar 1-2 år, to avdelingar med barn mellom 2 og 4 år og to avdelingar med barn mellom 4 og 6 år. Dei to bygga ligg ca. ein km. frå kvarandre.

I nærområdet er det fleire fine naturområde med skog og bekk, som innbyr til utforsking og spennande leik. Me nyttar gapahuken og bålplassen i Eidsvikjø. Om vinteren har me flotte akebakkar rett ved. Begge avdelingane ligg i gangavstand til Sand skule og idrettsbanen. Alle barnegruppene nyttar dei ulike nærområda og er ute på tur minst ein gong i veka.

I barnehagen skal me vera tilstades for barna. Det er dei som er viktige, og som skal vera i fokus. Me leikar mykje med barna, undrar oss saman med dei, er mykje ute, og ofte på tur.

Dersom du ønskjer å søkja jobb hjå oss, vil arbeidsoppgåvene dine vere å leike saman med barna, lese med dei, hjelpe dei i situasjonar som påkledning, måltider og liknande. Me legg vekt på at du er aktiv i lag med barna, pratar med dei og visar interesse for det dei er opptekne av. Det er givande å arbeida med barn og du vil oppleva mykje glede og latter saman med dei.

Høyrest dette interessant ut?

Send søknad til:

Nina Nevøy,
Sand barnehage,
Stegåsvegen 42,
4230 Sand

Tlf.:52792470/ 52790990

e-post: nina.brekke@suldal.kommune.no

Bedriftsbesøk **Joagarden 22 september**

Bedriftsbesøk **Randåsen 24 september**

Send elektronisk **søknad innan 28. september.**

Nettstad: www.suldal.kommune.no